

Knut Magnus Rossnes

Flaktveitvegen 544
5134 Flaktveit
Tlf 980 67 488
E-post: knut-ros@online.no

Alver Kommune
Byggesaksavdelinga
Postboks 4
5906 Frekhaug

Flaktveit, 7. september 2021

Søknad om dispensasjon LNF område- gardsnummer 431, bruksnummer 2, Hålandsvegen 20

Eg planlegg å byggje garasje på landbrukseigedommen vår på Håland, Radøy, og har innhenta tilbod frå Iglandgarasje, sjå vedlegg 4.

Garasjen er ein dobbelgarasje av typen Fjære, med bruksareal på 39,6 kvadratmeter (bya = 42.2 m). Mønehøgda vert i underkant av 4 m.

Plassering

Garasjen skal plasserast på gårdsplassen nord for hovudhuset på garden. Avstand frå steingarden mot naboeigedommen vert på det næraste punktet 2 m. Situasjonsskart der garasjen er teikna inn på gårdsplassen, sjå vedlegg 3.

Bakgrunn

Eigedommen vert nytta til fritidsføremål. Oppdyrka innmark vert nytta til grasproduksjon og hausta av nabo Bjarte Håland. Utmarka nyttar han til beite for dyra sine.

Eg er pensjonist og kona mi vert pensjonist frå årskiftet 2021/2022. Dette medfører aukande bruk av eigedommen. Våre tre born og deira familiar er også brukarar av Håland. I tillegg har syster mi, som bur i Førde, bruksrett til eigedommen.

Formålet med garasjen er å få plassert og tatt vare på utstyr som vi nyttar til å halda eigedommen ved like. Dette gjeld mellom anna slåtteutstyr, ulike redskaper, tilhengjar, samt bilen vår når vi er der.

Nabovarsel

Varsel er sendt til naboar i henhold til vedlagte kopi av nabovarsler, sjå vedlegg 5a og 5 b.

Eg håpar at kommunen ser med velvilje på søknaden og at dispensasjon for bygging vert gjeven.

Er det ytterlegare opplysninger de treng, høyrer eg fra dykk.

Med venleg helsing

Knut Magnus Rossnes

